



## Kommunemøte om situasjonen i Ukraina

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

**Deltakarar:** Kommunane, fylkeskommunen, KS, helseføretaka, Sivilforsvaret, Røde Kors, NAV, UDI, IMDi og Vest politidistrikt

**Ikkje til stades:** Sivilforsvaret, Stad, Stryn, Voss

### Innhald

Kommunemøte om situasjonen i Ukraina .....	1
1. Innleiing/velkomen til møtet .....	1
2. Situasjonsrapportering.....	2
3. Orientering frå UDI.....	3
4. Orientering frå politiet? (v/Trond Sekkingstad).....	5
5. Informasjon frå IMDi v/seniorrådgjevar Øivind Nergaard.....	6
6. Utdanning.....	8
7. Helse.....	8
8. Atomberedskap.....	11

### 1. Innleiing/velkomen til møtet

- **Hurtigtestar**

Det vert ei fordeling av sjølvtestar denne veka, med levering neste veke. Det blir berre fordelt sjølvtestar til dei kommunane som har under 2 testar per innbyggjar på lager.

Vi legg ved informasjon om hurtigtestar og fordelinga i e-postutsendinga til møterefaratet og sender som vanleg fordelinga til kontaktpersonane for hurtigtestar i kommunane.

### Overordna bilde

- UDI sa i går at det så langt er registrert 4300 personar frå Ukraina som asylsøkarar. I tillegg er 1600 innkvartert før registrering, slik at det i alt er rundt 6000.
- I tillegg er det nok mange som bur rundt omkring i kommunane og som ikkje har tatt kontakt med politiet for registrering.
- Av dei som er komne er 50 prosent kvinner, 40 prosent barn og ti prosent menn.
- Så langt har rundt 3,5 millionar menneske flykta ut av Ukraina, og UNHCR reknar med at det vil kome 2,5 millionar i tillegg.



## Statsforvaltaren i Vestland

- Relokaliseringa frå Moldova startar snart.
- På grunn av stor grad av automatisert vedtaksbehandling og ordninga med kollektiv beskyttelse, er dei første flyktningane snart klare for busetjing.
- Politiet arbeider med å etablere eit nytt nasjonalt ankomstsenter som skal supplere Råde.
- UDI har snart på plass 70 mottak. Kan vere behov for samarbeid mellom kommunane for å sikre viktige tenester, særleg helsetenester.
- Statsforvaltaren koordinerer arbeidet med drift av innkvarteringsplass for flyktningar som er komne til registreringscenteret i Bergen.
- Vi ser at tolking/språkhjelp allereie no er ei utfordring, og at den vil auke framover. Det er få autoriserte tolkar på ukrainsk-norsk, men litt fleire på russisk-norsk. Statsforvaltaren har tatt initiativ overfor IMDi og vil følgje dette opp vidare. Det er viktig å ha tilgjengeleg skriftleg informasjonsmateriell
- Tannhelsetilbod er ein viktig del av det totale tilbodet om helsehjelp til flyktningane. Vi reknar med at fylkeskommunen arbeider med dette.

## 2. Situasjonsrapportering

- I tillegg til at vi kvar tysdag morgon sender ein rapport til Helsedirektoratet og DSB, som i stor grad er ei samstilling av rapportane vi får frå kommunane dagen før, skal vi annakvar veke òg sende ein samla situasjonsrapport til DSB.
- Per no vil vi ikkje pålegge kommunane å rapportere om situasjonen, ut over å halde fram med å vare på dei spørsmåla som er i vekerapporten.
- Vi håpar likevel at kommunane har ein låg terskel for å orientere oss viss det oppstår utfordringar og spesielle situasjonar.
- Nedanfor er den strukturen (dei fem hovudpunkta) som vi brukar i vår situasjonsrapport. Viss det er spesielle forhold knytt til dei som vi bør vere klar over, så er ber vi kommunane om å sende oss nokre ord:

### 1. Situasjonsbilde

- Kva er det viktigaste at statlege styresmakter er klar over og følgjer opp vidare?
- Er det hendingar eller noko i den forventa utviklinga som kan få konsekvensar for kritiske samfunnsfunksjonar?
- Er innbyggjarane urolige?



### 2. Mediebilde og budskap

- Korleis er mediebildet lokalt; er det spesielle utviklingstrekk i opinionen og det offentlege ordskiftet?

### 3. Tiltak som er sett i verk

- Kva gjer kommunen for handtere situasjonen?
- Kva med ressursituasjonen, kommunikasjon, samordningstiltak og beredskapsorganisering?

### 4. Forventa utvikling

- Korleis påverkar situasjonsbildet innbyggjarane, tenester, kritiske samfunnsfunksjonar, infrastruktur m.v.

### 5. Tiltak som vert vurdert å setje i verk

- Kva nye tiltak som kan vere aktuelle lokalt? Kva vurderingar vert gjort om trong for samordning og koordinering, støtte og ressursar. Kva tiltak bør setjast i verk på regionalt og nasjonalt nivå.

## 3. Orientering frå UDI

*Sjå presentasjonen frå UDI for orienteringa. Presentasjonen ligg vedlagt i utsendinga av referatet.*

- Orientering om status i flyktningsituasjonen, prognosar m.v.
- Etablering av nye mottak i Vestland
- Orientering om AMOT

UDI har fått spørsmål frå kommunane om involvering i prosessane kring anskaffing av kapasitet. Etter anbudsfrist tek UDI kontakt med kommunane som har sendt tilbod (ordførar eller kommunedirektørar). Involverer også andre aktørar, som Statsforvaltarar, og Bufetat.

Det er sett inn store ressursar for å få opp elektronisk søkeportal for [ordninga med alternativ mottaksplass \(AMOT\)](#), og UDI håpar denne er oppe neste veke.

Spørsmål om ordninga kan sendast på e-post: [amot@udi.no](mailto:amot@udi.no).

### **Spørsmål frå Kvinnherad kommune:**

*Flyktingar som har vore innom Råde og registrert seg, har fått D-nummer og så reist vidare, på eige initiativ til Kvinnherad, korleis blir det registrert at dei er i Kvinnherad? Er det dei skal melde hos politiet? Eller skal det kun registrerast hos Integreringsteamet?*



Og skal dette meldast tilbake til IMDi?

### Svar frå UDI:

De som er registrert som asylsøkere står i utgangspunktet fritt til å velge hvor de bor. De som ønsker det, blir tilbudt plass i asylmottak, men det er et **frivillig botilbud**. Det er imidlertid et krav om å bo i asylmottak for å bl.a. motta ytelser fra UDI. UDI har ikke oversikt over hvor de som velger å forlate våre botilbud befinner seg. Dette er derfor et kartleggingsarbeid som må gjøres av kommunene og eventuelt politiet. For at de skal motta ytelser fra UDI, er det nødt til å falle innenfor en de ordningene som UDI tilbyr, som i hovedsak er å bo i asylmottak. For de som ikke ønsker det, finnes det alternativer:

De som har funnet en privat løsning i en kommune, kan søke om **midlertidig Alternativ mottaksplass**, som er en ordning som gjelder målgruppen for kollektiv beskyttelse. I de tilfellene der dette blir innvilget både av UDI og kommunen, mottar kommunen økonomisk støtte fra UDI, og kommunen overtar ansvaret for å tilstå ytelser for flyktningene. Les mer her [Kommunen og mottaket - UDI](#).

**Privatboende**, altså flyktninger som flytter fra mottak før vedtak om oppholdstillatelse (eller aldri har bodd i mottak), kan selv ta kontakt med IMDi innen seks måneder etter de er informert om vedtaket om oppholdstillatelse, for å bli bosatt med offentlig hjelp. [Bosetting av flyktninger som finner bolig på egen hånd | IMDi](#)

Det finnes også en ordning for **avtalt selvbosetting**, som gjelder flyktninger som ikke blir bosatt ved at IMDi finner en kommune til dem. De kan da finne seg en egen bolig, og avtale med kommunen som boligen ligger i for å avklare mulighet for avtalt selvbosetting. Flyktninger som bosettes på denne måten, inngår i antallet flyktninger kommunen har vedtatt å bosette. [Bosetting av flyktninger som finner bolig på egen hånd | IMDi](#)

Flyktninger som klarer seg selv økonomisk og har et sted å bo, står i utgangspunktet fritt til å **bosette seg på eget initiativ**, uten avtale med verken IMDi eller kommunen.

Forskjellen på disse og de som bosetter seg selv etter avtale, er at de som bosetter seg på eget initiativ ikke har krav på introduksjonsprogram, men kommunen kan velge å gi dem det. De kan også miste rettigheter til andre ytelser. [Bosetting av flyktninger som finner bolig på egen hånd | IMDi](#)

### Spørsmål frå Øygarden kommune

Øygarden spør om lovheimel for utbetaling av tilskot når ein kommune aksepterer å ta imot personar på alternativ mottaksplass (kva er formalitetane knytt til utbetaling av ytingar til livsopphald for personar som har slik plass?).

### Svar UDI:

Kjenner ikkje til kva lovheimlar som har vore nytta før.



**Katrine Berg Nødtvedt:** i Bergen kommune er det brukt same systemet som for utbetaling for sosialhjelp. Vi har også ein ventestønad før dei startar på introduksjonsprogram - frå dei landar og før dei før stønad. Bergen har ikkje landa endå på kva stønad som skal nyttast i høve AMOT. Fleire kan dra nytte erfaringane, Bergen deler sitt vedtak om ventestønad: <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/3695254/Framstilling-Innforing-av-startstonad-for-nyankomne-flyktninger>

### Svar frå Statsforvaltaren:

Vi har bedt tilsette hjå oss på kommuneøkonomi om å følgje opp dette.

### Spørsmål frå Hyllestad kommune v/Trine Engebø

*Dei har fått 5 flyktningar så langt, 2 vaksne og 3 born, som bur privat. Dei har no vore der i 8 dagar. Fredag førre veke var dei i Bergen og registrerte seg, men dei har ikkje fått D-nummer enno.*

- *Har barna lov til å gå i skule eller barnehage før dei er TB-screena?*

### Svar frå Statsforvaltaren:

Jamfør flytskjema for tuberkuloseundersøking ved ankomst Noreg, skal dette gjerast snarast råd, og innan 14 dagar etter ankomst. Det skal ikkje vere restriksjonar i aktivitet i påvente av rutinemessig undersøking. Flytskjemaet finn de her: [Flytskjema for tuberkuloseundersøkelse ved ankomst til Norge - FHI](#)

## 4. Orientering frå politiet? (v/Trond Sekkingstad)

Politiet arbeider med å auke kapasiteten for å ta unna fleire søknadar. Det er stor usikkerheit om talet som skal registrere seg, og politiet ber folk om ta kontakt (via næraste politistasjon). Gjennom oppmøte og pregregistrering på lokal politistasjon, vert det tildelt tidspunkt for oppmøte for full asylregistrering..

Det er ei tydeleg forventning frå regjeringa via POD om at søknadane skal takast unna så fort som mogleg. Vest politidistrikt går i gang med to skift om dagen. Det vert òg etablert eit registreringscenter i Førde. Det er berre i Bergen at det òg er etablert ei ordning med innkvartering.

Vest politidistrikt arbeidar for å kome opp i vel 100 registreringar per dagen før utløpet av april er planen.

Haavard Stensvand: Kan du seie noko om kva som ligg i preregistrering på lokale kontor med tanke på rettar. Kva med dei som nølar med å registrere seg?



Politiet: Mange av dei ukrainske statsborgarane har biometrisk pass og kan opphalde seg her visumfritt i 180 dagar. Utreiseplikta for desse er også oppheva, det vil seie at ingen pliktar å forlate Noreg.

Ein må vere fullverdig registrert for å få D-nummer, og med det alle dei rettar som følgjer med det.

Det er per no ikkje noko system for timebestilling, men for dei som møter opp på lokal politistasjon kan dei få tildelt time (preregistrering) for fullverdig registrering. Det vert arbeidt nasjonalt med ei bestillingsløyising.

### 5. Informasjon frå IMDi v/seniorrådgjevar Øivind Nergaard

*Sjå presentasjonen frå UDI for orienteringa. Presentasjonen ligg vedlagt i utsendinga av referatet.*

#### Oppmodingar, busetting, tenestetilbod og samhandling med kommunane

IMDi har bedt om busetting av 4340 personar i Vestland i 2022. Av dette er 30 einslege mindreårige. Kommunane er bedt om å melde tilbake før utgangen av månaden.

Flyktningproblematikken er først og fremst ei krise for flyktningane, og det er viktig at kommunane fattar vedtak så raskt som mogleg og slik at dei kan busetjast relativt raskt.

Busetting etter avtale mellom kommune og IMDi utløyser stønad. For ukrainske flykntningar ser vi at mange oppheld seg privat. Ta kontakt med IMDi om kommunane blir kontakta av personar som oppheld seg privat, og kommunen ser at dei kan busette desse.

Mange kommunar har erfaring med busetting av flykntningar frå før, men mange har ikkje gjort dette på nokre år. Kompetanseheving og erfaringsutveksling er viktig. Bruk gjerne meir erfarne kommunar til å hjelpe å bygge oppa apparatet.

Det er svært mange av tenesteområda i kommunen som vert involvert. Det er difor nødvendig å ha eit heilskapleg blick på busetjings- og integreringsarbeidet.

Når det gjeld spørsmålet om kvalifiserte tolkar, er det relativt få registrerte ukrainsktalende tolkar i nasjonalt tolkeregister (13), men betre tilgang på russisktalende tolkar (130). Mange av ukrainarane snakkar/forstår begge språk (ein del har russisk som førstespråk).

Det er sett i gang kvalifiseringstiltak på OsloMet. Mange ukrainsktalende har meldt interesse, og vi kan forvente betre tilgang på tolkar i løpet av 2022.

På IMDi sine heimesider finn kommunane oppdatert informasjon:

<https://www.imdi.no/ukraina>



### Spørsmål

**Ninja T. Ness:** vurderer IMDi å tilpasse løpet i introduksjonsprogrammet?

**IMDi:** det sjåast på tilpassingar i lowverk, men veit ikkje kor langt dette arbeidet er kome og om ein skal gjere endringar i dette lowverket.

**Jan B. Moe:** Ukrainarar som er i kommunen (bur privat) kan etter registrering gå direkte over i avtale sjølvbusetting om kommunen seier OK?

**IMDi:** IMDi tek gjerne mot beskjed om flyktningar som har fått vedtak om beskyttelse, og som har ein eigna bustad som kommunen kan gå god for. IMDi kan då sende eit formelt vedtak om fordeling til kommunen.

**Katrine Nødtvedt:** Spørsmål til IMDi:

- Status mellombels lowverk, vil de ha innspel frå kommunane?
- Kva kriterium vert lagt til grunn ved tildeling av kommune frå IMDi for denne gruppa? Familie? Jobb?
- Korleis tenkger de å legge til rette for sjølvbusetting? Det kan verte eit problem viss mange får tildelt kommune som kunne ønskt sjølvbusetting?

**IMDi:** IMDi er veldig obs på problemstillinga og er avhengig av å ha ei viss styring på dette. Dei er klar over utfordringa med at mange oppheld seg privat, må sjå nærare på korleis dette kan administrerast. Mykje kan skje ved at dei skaffar bustad sjølv.

Dei som kjem no blir til ei viss grad kartlagt, men ikkje like omfattande som i ein meir normal situasjon. Informasjon om familie i Noreg, spesielle behov der bustad må tilpassast og noko informasjon om kompetanse, men ikkje meir omfattande per no. Mykje vekt på slekt og relasjonar i Noreg frå før, men dette er ein balanse. Vil prøve å få til busetting i same område, og i same kommune der flyktningar har relasjonar frå før så langt som mogleg.

**Spørsmål i chat:** Fordeler IMDi ut til kommunane uavhengig av innmeldte bustadar i IMDInett? Det vil spare tida i kommunen, som ikkje vil måtte melde inn kvar einaste ledige bustad.

**IMDi:** det blir gjort fordeling uavhengig av om det ligg innmeldte bustadar.

Spørsmål i chat om pensjonert helsepersonell kan nyttast i arbeid no på same måte som under pandemien:

**Haavard Stensvand:** Nasjonale styresmakter er fullt klar over at dette er eit sterkt ønske frå kommunane og vi fekk beskjed i går om at det vert jobba med det.

**Frode Kyrkjebø:** KS jobbar sterkt med dette. KS sendte brev til statsråden på tysdag og ba om ei ordning ut 2022. Sjå meir informasjon her:



<https://www.ks.no/fagomrader/innvandring-og-integrering/krigen-i-ukraina/pensjonister-kan-bidra-i-arbeidet-med-flyktninger/>

## 6. Utdanning

### **Sektormøte**

Så langt har vi fått få spørsmål som gjeld tilbud til barn og unge. Vi ventar at dette tar seg opp. Erfaringane frå 2015/2016 er at spørsmål, både når det gjeld barnehage/opplæring, og introduksjonsordninga tek seg opp i takt med busetting i kommunane. Vi legg opp til at kommunane kan be om møte med oss i konkrete saker/situasjonar, i tillegg til meir felles og overordna informasjon.

**Vi har invitert til eit sektormøte tysdag 29. mars.** Her gir vi ei kort og innleiande orientering om aktuelt regelverk, samt informasjon om representantordninga for einslege mindreårige. Presentasjonen frå møtet blir gjort tilgjengeleg.

### **Kontaktpersonar hos Statsforvaltaren på utdanning og verjemålsområdet**

Det er sett ned ei gruppe med kontaktpersonar som kommunane i sektorlina kan halde kontakt med ettersom spørsmål og problemstillingar dukkar opp.

### **Einslege mindreårige frå Ukraina skal ha oppnemnt representant**

Vi veit at det kjem det barn til Noreg utan foreldre eller andre med foreldreansvar. Statsforvaltaren har ansvar for å oppnemne representant for dei barna som skal søke om asyl i Noreg.

Det ligg ein artikkel på heimesida vår om dette:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/verjemal/nyhende-om-verjemal/2022/03/einslege-mindrearige-fra-ukraina-skal-ha-oppnemnt-representant/>

### **Tilskot**

Dei tilskotsordningane som er aktuelle for kommunane/fylkeskommunen når det gjeld opplæring er annonsert på våre nettsider. Vi har vald å ikkje sette søknadsfrist, men tar imot søknadane løypande.

## 7. Helse

Det er kome spørsmål om kommunane sitt ansvar for å tilby omsorgstenester til asylsøkjjarar frå Ukraina som har forlete landet før 24.02.2022. Ordninga med mellombels kollektivt vern omfattar flyktningar som var busett Ukraina 24.02.2022 eller seinare. Eit slikt vern gjeld i 12 månadar (jf. utlendingslova § 34).





Personar som ikkje er omfatta av dette, kan søkje om vern på individuelt grunnlag. Fram til ein slik søknad er innvilga, vil omsorgstenester vere mottaket sitt ansvar. Dette følgjer av lov om folketrygd § 2-16 og forskrift om rett til helse- og omsorgstenester til personar utan fast opphald i riket § 6.

Helsedirektoratet arbeider med ein mal for helseavtalar i preregistreringsfasen. Det kjem fleire spørsmål om ansvar og finansiering av helsehjelp til flyktingar som enno ikkje har blitt registrert. Vi reknar med at dette vil bli nærare avklara når dette arbeidet er fullført, og vil vidareføre informasjon straks det ligg føre.

Helsedirektoratet er i dialog med kommunar om å leggje mottak til kommunar som har kapasitet i helsetenestene til å etablere mottak. Viktigheit av å ta omsyn til kapasitet i kommunane er spela inn frå fleire statsforvaltarar.

Det er pågåande arbeid med å få laga informasjonsmateriell på ukrainsk og russisk.

Vi har spurt Helsedirektoratet om krav om samtykke frå foreldre ved koronavaksinering av barn under 16 år frå Ukraina. Direktoratet seier at som hovudregel skal begge foreldre, ved delt foreldreansvar, samtykke til koronavaksinering. Formkrava til samtykke er skrive med tanke på ein normalsituasjon, og vil ikkje nødvendigvis høve så godt i den situasjonen som er no.

Opptak av webinarret «Webinar om helseutfordringer og helserettigheter for flyktinger fra Ukraina», samt presentasjonar finn de her: [Helseutfordringer blant ukrainske flyktinger og helserettigheter - Helsedirektoratet](#)

Vi minner òg om at Helsedirektoratet planlegg eit nytt webinar 29.03.22 kl 10.00-11.00; *Barn og unge – oppfølging av flyktingene og deres familie*. Program og meir informasjon kjem.

### **Brev frå Hdir:**

*“Spørsmålet gjelder hvordan pasient- og brukerrettighetsloven i § 4-4 skal tolkes når det gjelder vaksinerings av barn mot covid-19, der den ene forelderen er igjen i Ukraina.*

*For generell omtale av samtykke til covid-19 vaksine for barn under 16 år, se brev fra Helsedirektoratet sendt 9 september 2021: [2021-09-02-oppdrag-45 vedlegg-1 21 20272-1covid-19---samtykke-pa-vegne-av-barn-til-koronavaksine hdir juridisk-vurdering.pdf \(fhi.no\)](#). Brevet viser at hovedregelen er at begge foreldre må samtykke til vaksinerings mot covid-19. Spørsmålet er så hvordan denne hovedregelen skal forstås hvis den ene forelderen er igjen i Ukraina eller på flukt, sett i lys av krisen i Ukraina.*

*Krav til samtykke fremgår av etter pasient- og brukerrettighetsloven § 4-2, og det fremgår at samtykke kan gis uttrykkelig eller stilltiende. Formkravene er med andre ord ikke strenge, og er skrevet med tanke på en normalsituasjon. Bestemmelsens andre punktum sier at stilltiende samtykke anses å foreligge dersom det ut fra pasientens handlemåte og omstendighetene for øvrig er sannsynlig at hun eller han godtar helsehjelpen. Bestemmelsens andre punktum er skrevet for situasjoner der pasienten selv har samtykkekompetanse (jf. ordet "pasientens*



handlemåte" og...). Bestemmelsen kan likevel være veiledende når det gjelder hvilke formkrav som stilles til foreldenes samtykke etter § 4-4.

Helsepersonell må vurdere om det kan godtgjøres tilstrekkelig at begge foreldrene samtykker til vaksine der det er anbefalt, i en situasjon hvor en av foreldrene er på flukt eller i Ukraina. Dette kan gjøres ved at den forelderen som er i Norge har kontakt med den andre foreldrene, for eksempel gjennom telefon eller på annen måte, eller den konkrete situasjonen forøvrig tilsier at den andre foreldrene samtykker. Når det gjelder hvor mye tid arbeid helsepersonellet skal legge i å få kontakt med den forelderen som er i Ukraina eller på flukt, kreves det ikke mye.

Dersom foreldreansvar er felles, men den ene forelderen er i Ukraina eller på flukt, må helsepersonellet foreta en konkret vurdering av om det kan sies å foreligge samtykke fra begge jf. hovedregelen i §§ 4-4 første ledd lest i lys av 4-2 første ledd. I denne vurderingen kan det blant annet legges vekt på hva den forelderen som oppholder seg i Norge godtgjør om den andre forelderens samtykke. For eksempel om dette er noe foreldrene sammen har diskutert tidligere, om den forelderen som ikke er her sannsynligvis ville samtykket osv.

Dersom det ikke kan godtgjøres at det foreligger samtykke fra begge foreldrene, vises det til omtale i ovennevnte brev om i hvilke situasjoner det foreligger unntak fra kravet om samtykke fra begge foreldre med foreldreansvar.

Når det gjelder omtalen av bruk av unntaket i § 4-4 tredje ledd fremgår det at dette unntaket vil være lite aktuelt ved koronavaksine, men at det likevel, etter en konkret helsefaglig vurdering (se mer om dette i skrevet, side 2-3), kan være enkelte tilfeller der unntaket i tredje ledd kan danne grunnlag for koronavaksine av barn. Det vises for eksempel til FHI sine vurderinger om at koronavaksine for med barn mellom 5-15 år med alvorlig grunnsykdom "bør" tas: [Koronavaksine - informasjon til befolkningen - FHI](#)

Forutsatt at kvalifisert helsepersonell mener at helsehjelp [koronavaksine] er nødvendig for at barnet ikke skal ta skade, skal begge foreldrene med foreldreansvar så langt som mulig få si sin mening før det tas en avgjørelse om at helsehjelp skal gis, jf. § 4-4 tredje ledd andre setning. Formålet er å sikre at den forelderen som motsetter seg helsehjelpen får legge fram sine eventuelle innvendinger, slik at helsepersonellet kan ta disse i betraktning i sin vurdering. Det er imidlertid ikke et absolutt krav: det kan være tilfeller der vedkommende ikke er mulig å få tak. Ifølge bestemmelsens forarbeider kreves en viss aktivitet av helsepersonellet for å forsøke å informere og innhente den andres syn, men det kreves ikke omfattende undersøkelser. Dersom man ved bruk av vanlige kommunikasjonsmåter som for eksempel telefon eller epost ikke får tak i den andre, er dette normalt tilstrekkelig. Hvor mye arbeid man skal legge i å få kontakt må vurderes konkret, og det må sees hen til hvor mye helsehjelpen haster. Forarbeidene er imidlertid skrevet for en normal situasjon. I denne situasjonen – der den andre forelderen er i Ukraina eller på flukt – må dette tas i betraktning ved vurderingen av hvor mye arbeid helsepersonellet skal legge i å få kontakt med denne. Det vil da kunne være flere tilfeller enn normalt der det må anses tilstrekkelig med samtykke kun fra den ene forelderen."



### 8. Atomberedskap

- Krigshandlingane gir framleis auka risiko for hendingar.
- Russiske styrkar har framleis kontroll på Tsjernobyl og Zaporizhzhya, men ukrainsk personell driftar anlegga
- Alt i alt er 8 av 15 reaktorar i Ukraina operative
- Strålingsnivåa er som normalt
- Helsedirektoratet kjem ein av dei første dagane med ein rettleiar om distribusjon av jodtablettar